



Statens vegvesen

Notat

Til: Vidar Solheim
Frå: Geo- og skredseksjonen v/Jens Tveit
Kopi:

Sakshandsamar/innvalsnr:
Jens Tveit - 57655949

Oppdrag:	Vurdering av skredfare etter steinskred		Dok. nr. i Sveis:		2012/004527-065
Oppdragsgiver:	Drift Ytre Sunnfjord v/Vidar Solheim		Dato:		31.10.2014
Planfase:	Drift	Arkivkode:	460	Ant. vedlegg:	
Kommune:	Bremanger	Vegnr.:	Fv 572	HP: 1	Km: 3,350
UTM 33 ref.:	6855152 302540		EUREF 89		Geoteknisk kategori:
Utarbeidet av:	Jens Tveit				

Fv 572, Hp 1, Km 3,350. Steinskred frå Brattegjølet. Vurdering av skredfare etter hending.

Innleiing

Geo- og skredseksjonen fekk melding om ei skredhending på Fv 572 mellom Svelgen og Dyrstad måndag morgon den 27.10.2014. Vegen var heilt stengd av skredmassane. Grunna utfordrande versituasjon med sterk vind og dårleg sikt vart ikkje området vurdert nærare på måndag. Tysdag var sikten fortsatt dårleg. Området vart vurdert frå veg, men losneområdet var fortsatt i skydekket. Onsdag 29.10 var Dagfinn Sande frå Mesta og Jens Tveit frå SVV på staden i helikopter for å vurdere området og vidare framdrift. Vegen vart opna rundt klokka 14:00.

Vurdering og tilråding

Det har vore mykje nedbør og ein omfattande flaumsituasjon i Sogn og Fjordane i starten av veka. Store mengder nedbør har ført til mykje massetransport og utgravingar i vassdrag, og på stader der det normalt ikkje er større vassføring. Den kraftige nedbøren fører til auka vasstrykk og utvasking, noko som igjen fører til dårlegare stabilitet i utsette fjellparti. I helga og utover måndagen var det kraftig vind i tillegg til nedbør.

Mellom 350 og 400 meter over havet er det ein eksponert bergvegg, sjå kart i figur 1 og foto i figur 2. Losneområdet er markert inn i figuren. Nærbilde av den eksponerte bergveggen er vist i figur 3. Blokkpartiet som losna ved hendinga på måndag har hatt dårleg understøtte og vore avspennt både på sidane og etter kvart i bakkant. Det renn ein del vatn på den ferske forvitningsflata, noko som tyder på at det har vore vassfylte sprekker bak blokkpartier. Det er grunn til å tru at vatn har spelt ein avgjerande rolle i sjølve skredhendinga.

Skredmassane er vurdert til å vere mellom 70 og 120 m³. Det er antatt at ein stor del av blokkane har hamna i sjøen, noko som er bekrefta av lokale på andre sida av fjorden som

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52


observerte skredhendinga. Figur 4 viser skredmassane i vegbana. Det var behov for pigging for å fjerne skredmassane frå vegområdet.

Losneområdet er relativt reint, og det er ei fin forvittringsflate der blokkpartiet var. Situasjonen lokalt er vurdert til å vere stabil. Vatnet renn tydeleg utanpå fjellflata, og ikkje i sprekkane som situasjonen er antatt å vere før skredet. Skredbana består stort sett av grove urmassar. Det er ein del ferske blokker i ura, men desse er vurdert til å ligge stabilt. Det er ikkje vassføring i området med skredavsetningar.

Når det gjeld den eksponerte bergveggen er situasjonen ugunstig. Det er observert fleire ustabile blokkar og større blokkparti. Likevel er det ikkje observert ustabilitetar av same omfattande størrelse som hendinga på måndag. For å sikre dette området vil eit fanggjerde vere det mest aktuelle tiltaket.

Oppsummering

Etter synfaringa på onsdag vart situasjonen vurdert til å ha stabilisert seg. Nedbøren hadde avtatt, og det var ikkje observert aktivitet sidan skredet gjekk måndag morgon. Ryddinga starta rundt klokka 11 og vegen opna for fri ferdsle klokka 14.



Figur 1 - Kart over området. Losneområde er markert med raud ring, og skredbane med raude linjer



Figur 2 - Losneområde markert med ring, ytterpunkt av skredbane med raude linjer



Figur 3 - Eksponert bergvegg. Losneområdet er ramma inn i raudt



Figur 4 - Skredmassar på veg